

**FORSKRIFT OM AVFALL FRÅ HUSHALD**  
**I KOMMUNANE ASKVOLL, FJALER, HYLLESTAD OG SUNNFJORD**

Med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) § 5-4 og lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot ureining og om avfall (ureiningslova) §§ 30, 34, 37, 48, 49, 73, 79, 80 og 83 har kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Sunnfjord vedtatt denne forskrifta.

	Askvoll	Fjaler	Hyllestad	Sunnfjord
Dato	18.2.2021	17.12.2020	17.12.2020	10.12.2020
Saksnr	08/21	144/20	20/085	121/20

## KAPITTEL 1. INNLEIANDE BESTEMMINGAR

### § 1 FØREMÅL

Forskrifta skal sikre ei miljømessig, økonomisk og helsemessig forsvarleg oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfall i kommunane som er deltakarar i Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM).

Forskrifta skal bidra til at kommunane sine plikter etter lovverket og nasjonale retningslinjer er teke i vare, og at handteringa av hushaldsavfall vert gjort i samsvar med gjeldande planar, samt hindre ulovleg innsamling og handtering av hushaldsavfall.

SUM skal leggje til rette for gjenvinningsordningar og fremje kjeldesortering av hushaldsavfall. SUM skal gje naudsynt informasjon til hushald og skal drive aktivt informasjonsarbeid om avfallshandtering.

### § 2 VERKEOMRÅDE OG AVGRENSNING

Forskrifta gjeld for det ansvarsområde som kommunane er tildelt som forureiningsmynde etter forureiningslova med tanke på hushaldsavfall.

Forskrifta inneheld bestemmingar for hente- og bringeordningar, kjeldesortering, oppbevaring, innsamling og handsaming av hushaldsavfall mv. Forskrifta gjev òg bestemmingar om innkrevjing av renovasjonsgebyr.

Forskrifta gjeld for alle private bueiningar/eigedomar i kommunen, inklusive fritidsbustader.

Forskrifta gjeld ikkje for næringsavfall. Den einskilde er sjølv ansvarleg for å handtere næringsavfall i samsvar med gjeldande regelverk.

Forskrifta gjeld heller ikkje for oppsetting av oppsamlingseiningar, innsamling, transport og handsaming av avfall etter Forureiningslova §§ 35 og 36.

### § 3 MYNDE

Kommunane som er deltakarar i SUM er forureiningsmynde for det ansvarsområdet som forskrifta gjeld for.

Gjennom forskrifta får SUM delegert mynde frå kommunane som er deltakarar i SUM til å gjennomføre forskrifta sine bestemmingar og føremål. SUM vert òg gjennom forskrifta delegert mynde til å treffe enkeltvedtak, jf. Forureiningslova § 83, og har mynde til å gje nærare retningslinjer og rettleiarar med omsyn til forskrifta sine bestemmingar.

SUM kan innanfor rammene av forureiningsregelverket endre renovasjonsordninga.

#### § 4 DEFINISJONAR

**Abonnet:** Eigar, festar eller heimelshavar til bueining som vert omfatta av renovasjonsordninga.

**Avfallsmottak:** Gjenvinningsstasjon/-anlegg, eller anna godkjent mottak for avfall, både betente og ubetente.

**Bueining:** Permanent oppsett byggverk som gjev rom for kvile og matstell, eller som har fungert som bueining i minst tre månader, irekna (men ikkje avgrensa til) burettslagsandel, hybel, hytte, fritidseigedom, varig oppsett campingvogn eller liknande innretning, til dømes bubil, brakke, telt, husbåt, naust mv. Vidare omfattast husvære i kollektiv med felles kjøkken. Rom i leilegheitshotell, hospits og internat med få, eller ingen fellestenester, vert òg omfatta. For husvære/rom som deler kjøkken, skal det som hovudregel betalast 0,5 renovasjonsgebyr for kvart rom. SUM kan i einskilde tilfelle bestemme eit renovasjonsgebyr. Talet på husvære/rom som deler kjøkken rundast ned til næraste heile tal. Det kan vere fleire bueiningar i ein bustad, ein fritidsbustad eller på ein Eigedom.

**Bustad:** Ei kvar bueining som er bygd, ombygd, godkjend eller som vert nytta som privat heilårsbustad. Ein bustad kan innehalde fleire bueiningar.

**Eigedom:** Fast eigedom definert med eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i eigedomsregister. Eigarseksjonar etter lov om eigarseksjonar, reknast som sjølvstendig eigedom.

**Farleg avfall:** Avfall som ikkje føremålstenleg kan handsamast saman med anna hushaldsavfall eller næringsavfall fordi det kan føre til alvorleg forureining eller fare for skade på menneske, dyr eller miljø.

**Felles behaldar/dunk:** Ei oppsamlingseining som er stilt til rådevelde for meir enn ein abonnent eller kunde.

**Fraksjon:** Einsarta del av avfallet, til dømes glas, papir, våtorganisk mv.

**Fritidsbustad:** Ei kvar bueining som ikkje er bygd, ombygd, godkjend eller nyttast som heilårsbustad. Ein fritidsbustad kan innehalde fleire bueiningar.

**Gjenvinningsstasjon:** Stad som er tilrettelagd for mottak av visse deler av hushaldsavfallet som på grunn av storleik, type eller mengde ikkje kan eller skal leggjast i oppsamlingseining.

**Hentestad:** Stad/areal der oppsamlingseiningar vert plassert for henting/innsamling på tømmedag.

**Heimekompostering:** Ei ordning der abonnenten inngår skriftleg avtale med SUM om at abonnenten sjølv skal attvinne delar av det våtorganiske avfallet.

**Hushaldsavfall:** Alt avfall som stammar frå bueininga, irekna større gjenstandar som inventar og liknande.

**Hytte:** Sjå Fritidsbustad

**Innsamling:** Arbeidet SUM utfører med å hente avfallet på hentestaden.

**Kjeldesortering:** Å skilje avfallet i ulike fraksjonar etter kvart som avfallet oppstår.

**Kunde:** Ein kvar som leverer eller etterlet avfall frå hushald til avfallsmottak eller oppsamlingseining.

**Køyreveg:** Ein veg der renovasjonskøyetøyet kan ta seg fram på lovleg og forsvarleg vis.

**Næringsavfall:** Alt avfall som ikkje er avfall frå hushald.

**Oppsamlingseining:** Alle behaldarar/dunkar, sekkar, konteinar mv. som vert stilt til rådevelde for, og som er meint for særskilde abonnentar og kundar for oppsamling av avfall før innsamling og henting.

**Oppstillingsplass:** Plassen/areal der oppsamlingseininga er plassert til dagleg, utanom tømmedag.

**Privat åtkomstveg:** Veg som ikkje er offentleg vegg grunn.

**Renovatør:** Personell i SUM, eller person/verksemd som samlar inn og transporterar avfall frå hushald på oppdrag for SUM.

**Restavfall:** Det avfallet som ikkje kan attvinnast.

**Returpunkt:** Allment tilgjengelege mottak for levering av enkelte fraksjonar av hushaldsavfall.

**SUM:** Sunnfjord Miljøverk IKS, med eventuelle dotterselskap.

**Transportveg:** Grunnen der renovatøren manuelt skal transportera oppsamlingseininga frå hentestad til renovasjonskøyretøyet.

**Tømmedag:** Den vekedagen avfallet frå hushald vert samla inn frå oppsamlingseiningane.

## KAPITTEL 2. KOMMUNEN SITT ANSVAR OG KOMMUNEN SINE PLIKTAR

### § 5 TVUNGEN RENOVASJON

Alle bueiningar som fell inn under forskrifta sitt verkeområde vert omfatta av renovasjonsordninga og er forplikta etter forskrifta.

Gjennom forskrifta er SUM tildelt einerett på innsamling og handsaming av avfall frå hushald innanfor forskrifta sitt verkeområde. SUM kan sjølv stå for innsamling og handsaming, sette ut innsamlinga til andre etter avtale, eller tildele heile eller deler av eineretten til eventuelle dotterselskap.

Utan samtykke frå SUM kan ingen andre samle inn eller handsame avfall frå hushald.

### § 6 SUM SINE PLIKTAR OG RETTAR

SUM skal sørge for at renovasjonstilbodet legg til rette for ei hygienisk og effektiv innsamling og handsaming av hushaldsavfall. Innsamlinga skal skje på ein slik måte at det fører til minst mogleg ulempe med omsyn til støy, lukt og anna sjenanse.

SUM skal sørge for at det vert stilt til rådvelde dei oppsamlingseiningar som SUM til ein kvar tid finn naudsynt for å sikre ei hensiktsmessig oppsamling, innsamling, transport og handsaming av avfall frå hushald.

Hushaldsavfallet skal samlast inn med regelmessig frekvens og med dei intervall som SUM bestemmer. SUM skal kunngjere og gje informasjon om tømme-/hentefrekvens, og skal gje informasjon om endringar i renovasjonsordninga. SUM kan fråvike den regelmessige frekvensen som følgje av rørlege heilag dagar, streik, ver- og føreforhold mv.

SUM og/eller Renovatøren kan unnlate å samle inn hushaldsavfall dersom dette ikkje kan gjerast forsvarleg i det einskilde tilfellet. Dersom innsamling av hushaldsavfall vert utsett skal SUM søkje situasjonen avhjelpa innan rimeleg tid.

SUM kan pålegge fleire Abonnentar eller fleire Eigedomar å bruke felles oppsamlingseiningar. Dette kan til dømes vere større oppsamlingseiningar, container, nedgravne avfallssystem mv. SUM avgjer i det einskilde tilfellet kva for ei fellesløysing som skal nyttas og plassering av løysinga i samband med dette.

Bueiningar kan søkje om endring av storleik på dunk og bruk av fellesløysingar, og endring av abonnement i samband med dette. Ved innvilga søknad, kan SUM likevel pålegge seinare endringar dersom SUM finn grunn til dette.

SUM kan gje nærare retningslinjer, rettleiing og inngå avtalar som nærare fastset bruk og ansvarsforhold for oppsamlingseiningar og fellesløysingar.

SUM skal leggje til rette for kjeldesortering og heimekompostering, og skal gje informasjon om dette til Abonentane.

### **KAPITTEL 3. ABONNENTEN OG KUNDEN SINE PLIKTAR OG RETTAR MV.**

#### **§ 7 GENRELLE PLIKTAR OG RETTAR**

Abonnten er ansvarleg for at forskrifta, inkludert retningsliner og rettleiarar gjeve av SUM, vert følgt og Abonnten er økonomisk ansvarleg overfor SUM og kommunane.

Abonnten pliktar å nytte den renovasjonsordning som til ein kvar tid gjeld for oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfall.

Abonnten skal sortere hushaldsavfallet slik SUM til ein kvar tid har bestemt og i samsvar med renovasjonsordninga.

Abonnten pliktar å levere hushaldsavfall som ikkje skal, eller kan leggjast i oppsamlingseining, til godkjend avfallsmottak.

Abonnten er ansvarleg for å gje SUM informasjon om endringar i abonnementstilhøva, som til dømes eigarskifte, endring i avfallsmengde eller anna som har betydning for abonnementstilhøva.

Abonnten pliktar å gjere seg kjend med kunngjeringar for innsamling, oppsamling og levering av hushaldsavfall.

#### **§ 8 BRUK OG ANSVAR FOR OPPSAMLINGSEININGAR**

Det skal berre nyttast oppsamlingseiningar som er utlevert/utplassert av SUM. Hushaldsavfall som ikkje er lagt i oppsamlingseining som er utlevert/utplassert av SUM, har renovatøren ikkje plikt til å samla inn.

Abonnten er ansvarleg for at oppsamlingseiningar nyttast i samsvar med forskrifta, inkludert retningsliner, rettleiarar og vedtak frå SUM. Oppsamlingseiningane kan ikkje nyttast til andre føremål enn oppsamling av hushaldsavfall.

Oppsamlingseiningar er som hovudregel registrert på bueining og skal ikkje flyttast ved endring i eigarskap, festeforhold og likande.

Oppsamlingseiningar skal nyttast slik at hushaldsavfallet er sikra mot skadedyr og andre hygieniske ulemper. Lokket skal kunne lukkast heilt igjen. Abonnten pliktar å reingjere oppsamlingseiningane med rimeleg frekvens.

Abonnten skal sørge for at hushaldsavfall blir lagt i riktig oppsamlingseining. SUM kan avstå frå å samle inn hushaldsavfall som er plassert i feil oppsamlingseining. Ved vesentlege eller gjentakande avvik, kan SUM påleggje Abonnten å sørge for riktig sortering av fraksjonar.

Abonnten er ansvarleg for oppsamlingseining som kjem vekk, vert øydelagd utover normal slitasje og tap som følgje av aktlaus bruk.

Abonnten pliktar å gje melding til SUM dersom oppsamlingseining vert skada, vert øydelagd, kjem vekk, eller det av andre grunnar er naudsynt med vedlikehald/utskifting.

## § 9 PLASSERING AV OPPSAMLINGSEININGAR

Utanom dagen for henting/innsamling av hushaldsavfall, skal oppsamlingseiningane vere plassert på oppstillingsplass. Oppsamlingseiningane skal setjast tilbake på oppstillingsplass same dag som henting/innsamling av hushaldsavfallet finn stad. Oppsamlingseiningane skal ikkje vere plassert på fortau, eller offentleg veggrunn utanom dagen for henting/innsamling, med mindre det ligg føre særskild avtale eller vedtak om dette.

Oppstillingsplass skal vere slik at oppsamlingseiningane ikkje er til sjenanse for omgjevnader. SUM kan påleggje Abonnten å sikre oppsamlingseiningane på oppstillingsplass, dersom SUM finn at dette er naudsynt.

Abonnten er ansvarleg for at oppsamlingseiningane vert plassert på hentestaden dagen for henting/tømming. SUM avgjer kvar hentestaden skal vere, og kan pålegge endring av hentestaden dersom SUM finn dette naudsynt. Slik endring kan vere både permanent og midlertidig. Hentestaden skal som hovudregel vere ved køyreveg.

Abonnten er ansvarleg for at hentestaden er tilrettelagd for SUM sin henting/innsamling av hushaldsavfallet, og Abonnten pliktar å rette seg etter føringar og pålegg frå SUM i samband med dette. SUM kan påleggje Abonnten å sikra oppsamlingseiningar på hentestaden dersom SUM finn at dette er naudsynt.

SUM kan etter søknad fastsetje ein annan hentestad, dersom endra høve, eller andre særlege omstende gjev grunnlag for dette.

Felles oppsamlingseiningar for fritidsbustader skal være utplassert på faste stader. SUM avgjer kor mange felles oppsamlingseiningar som utplasserast tilknytt områder med fritidsbustader, og kvar oppsamlingseiningane vert plassert. Ein fritidsbustad kan søkje om eigne oppsamlingseiningar, tilsvarende som for bustader.

## § 10 ALTERNATIVE OPPSAMLINGSLØYSINGER

SUM kan påleggje og/eller tillate fleire Abonntar/Bueiningar å nytte fellesløysingar, inkludert nedgravne avfallssystem og andre alternative ordningar for oppsamling av hushaldsavfall. SUM kan ikkje påleggje nedgravne løysingar, eller andre varige avfallsløysingar, dersom dette vert urimeleg tyngjande for Abonnt/kunde.

Som hovudregel vil varige fellesløysingar måtte kostast av utbygger, Abonnt, eigar og/eller festar, både med omsyn til investeringskostnaden og påfølgjande drift, vedlikehald og utskifting. Abonnt, eigar og/eller festar, beheld som hovudregel eigedomsretten til den varige fellesløysinga. Alle alternative oppsamlingløysingar må vere tilpassa SUM si renovasjonsordning og vere godkjend av SUM i forkant av etablering.

Når eit nedgrave, eller anna varig, avfallssystem/fellesløysing er gjort ferdig, kan SUM krevje å overta eigedomsretten til heile, eller deler av avfallssystemet/fellesløysinga, mot at SUM samstundes overtek ansvaret for vedlikehald og utskifting.

SUM kan avgjere at andre Abonentar, bueningar og/eller eigedomar, skal vere knytt til den varige fellesløysinga, dersom avfallssystemet/fellesløysinga har kapasitet til dette.

Dersom ei alternativ oppsamlingsløysing skal halde fram å vere eigd av Abonent/kunde og ikkje av SUM, pliktar Abonent/kunde å sørge for drift, vedlikehald, oppgradering og utskifting. SUM kan i slike tilfelle påleggje vedlikehald, oppgradering og utskifting. Alternative oppsamlingsløysingar i privat eige, skal driftast og nyttast slik at SUM si innsamling av hushaldsavfall kan gjennomførast utan at det oppstår unødige hindringar eller stans.

Forskrifta §§ 7, 8 og 12 gjeld så langt dei passar for alternative løysingar.

SUM kan gje nærare retningsliner, krav og vilkår for alternative oppsamlingsløysingar.

## § 11 PLANARBEID

I samband med planforslag etter plan- og bygningslovgjevinga, har SUM rett til å gje uttale i samband med offentleg handsaming og før offentleg vedtak vert treft.

SUM kan gje nærare retningsliner og kva opplysningar som skal gjevast til SUM i samband med dette, slik at SUM kan uttale seg om relevante omstende knytt til renovasjon.

SUM kan avgjere at den som gjer framlegg til reguleringsplan, utbyggingsplan eller byggesak, pliktar å utarbeide renovasjonsteknisk plan, i samsvar med renovasjonsteknisk rettleiar.

## § 12 KØYREVEG OG ÅTKOMST

Køyreveg som skal nyttast i samband med renovasjonsordninga skal ha kurvatur, stigningsforhold, breidde og styrke som er tilpassa SUM sine ordinære renovasjonskøyrerøy. Køyrevegen må oppfylle krava til lastebil i samsvar med Statens Vegvesen handbok N100 og bruksklasse 10 (BK10), eller tilsvarande. Køyrevegen må tole eit akseltrykk på minst 8 tonn og eit køyrerøy på minst 10 meter lengde. Køyrevegen må ha fri høgde på minst 3,6 meter. Køyrevegen må vere gjennomgåande eller ha godkjend snuplass.

SUM kan i det einskilde tilfelle akseptere avvik frå dei krav SUM stiller til køyreveg, inkludert ved bruk av private vegar. Vegen må i slike tilfelle innebere at renovasjonskøyrerøyet kan nytte vegen på forsvarleg, rasjonelt og føremålstenleg vis. Det må vere mogleg å snu med dei ordinære renovasjonskøyrerøya som SUM nyttar på forsvarleg og rasjonelt vis. SUM avgjer kva som er forsvarleg og rasjonelt i det einskilde tilfellet.

Ved bruk av private vegar for innsamling av hushaldsavfall, kan SUM krevje at det vert inngått avtale med vegeigar om rett til å nytte vegen, og plikt for vegeigar til å vedlikehalde vegen.

Dersom SUM meiner at ein veg ikkje kan nyttast, kan SUM påleggje ein annan hentestad som inneber at vegen ikkje må nyttast.

SUM kan gje nærare retningsliner for krav til vegar, inkludert private vegar, hentestad og transportveg frå hentestad til renovasjonskøyrerøyet.

## § 13 AVFALLSMOTTAK

SUM kan avgjere at Abonnet/kunde skal kjeldesortere avfall som ikkje kan leggjast i utleverte oppsamlingseiningar, og at Abonnet/kunde pliktar å levere slike avfallsfraksjonar til relevante returpunkt og avfallsmottak.

SUM kan fastsetje omfang, leveringsmåte, rutinar mv. i samband med dette.

Hushaldsavfall som på grunn av mengde, storleik, eller form ikkje kan, eller skal plasserast i utlevert oppsamlingseining, skal leverast til godkjent avfallsmottak eller returpunkt.

Farleg avfall og EE-avfall skal leverast til godkjent avfallsmottak, eller til andre mottaksordningar som SUM bestemmer.

## KAPITTEL 4. GEBYR OG BETALING

### § 15 RENOVASJONSGBYR

Renovasjonsgebyret vert fastsett årleg av kommunane i eit eige gebyrvedtak, etter forslag og innstilling frå SUM og i samsvar med Forureiningslova § 34.

Renovasjonsgebyret skal dekkje alle kostnadene SUM har i samband med oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfall.

Gebyratsane kan differensierast for å fremje avfallsreduksjon, kjeldesortering og gjenvinning.

### § 16 GEBYRPLIKT

Alle bueiningar, Abonnetar og kundar som er omfatta av forskrifta har plikt til å betale renovasjonsgebyr. SUM avgjer om ein eigedom, eller bueining er gebyrpliktig og kven som er ansvarleg for å betale gebyret. SUM avgjer om eigedomar/bueiningar som har fellesløsning, skal få samla gebyr for alle som nyttar løysinga. SUM avgjer og kva for eit gebyr som skal betalast i kvart tilfelle, inkludert om gebyret skal vere variabelt eller fastpris. I festeforhold er det festaren som er Abonnet og gebyrpliktig, med mindre noko anna vert avtala i det einskilde tilfellet.

Renovasjonsgebyret gjeld for heile kalendermånader, og reknast frå den første dagen i månaden etter bueininga/eigedomen blei gebyrpliktig.

For nye bueiningar vert bueininga rekna som gebyrpliktig når det er fatta vedtak med heimel i plan- og bygningslova om mellombels bruksløyve, ferdigattest, eller anna relevant vedtak frå kommunen.

Ved endring i abonnement, til dømes eigarskifte, vert den gebyrpliktige endra frå og med den første dagen i månaden etter SUM fekk melding om endring, eller SUM har treft vedtak om endring i abonnementet, med mindre anna går fram av vedtaket.

Det betalast gebyr ut frå kor mange bueiningar det er på ein eigedom.

Den einskilde Abonnet, eigar, heimelshavar eller festar er ansvarleg for å sørgje for at SUM har korrekte opplysningar om eigedomstilhøva til ein kvar tid. Dersom det er gjeve uriktige, eller mangelfulle opplysningar, kan SUM krevje etterbetaling av renovasjonsgebyret frå det tidspunkt SUM med rimelegheit kan etablere at abonnet, eigar, heimelshavar eller festar skulle ha betalt eit høgare gebyr.

Det kan fastsetjast særskilde gebyr for levering av avfall til avfallsmottak.

## § 17 INNKREVIING

SUM krev inn renovasjonsgebyr for oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfall, med mindre den enkelte kommune som er deltakar i SUM har vedteke anna.

Renovasjonsgebyret er sikra med legalpant etter lov om pant § 6-1. Lov om eigedomsskatt § 25. 3. ledd, §§ 26 og 27 gjeld tilsvarande for oppgjer og innkreving av renovasjonsgebyret.

## § 18 REDUKSJON OG FRITAK FRÅ RENOVASJONSGBEYR OG RENOVASJONSORDNINGA

Ved særlege høve kan SUM gje einskilde eigedomar/bueiningar fritak frå renovasjonsgebyret og renovasjonsordninga, eller bestemmingar i forskrifta. Det kan settast vilkår for fritaket.

Fritak forutset at det er sendt skriftleg og grunngjeven søknad. Den som søker må sørje for at det følgjer med naudsynt dokumentasjon, og SUM kan be om ytterlegare dokumentasjon og opplysingar.

Eit fritak for bustader blir som hovudregel innvilga for eit (1) år av gongen og blir ikkje gjeve for ein kortare periode enn seks (6) månader. Utleverte oppsamlingseiningar blir samla inn i fritaksperioden og SUM kan krevje særskild gebyr for inn- og utlevering av oppsamlingseiningar.

Eit fritak for fritidseigedomar kan gjevast for inntil tre (3) år av gongen. SUM avgjer lengda på samanhengande fritak.

Innvilga fritak gjeld frå det tidspunkt SUM treff vedtak om dette, og har ikkje tilbakeverkande kraft.

SUM kan gje nærare retningsliner og vilkår for fritak for bustader og fritidsbustader.

Det kan innførast reglar for reduksjon i renovasjonsgebyret. Dersom det vert innført reglar for reduksjon av renovasjonsgebyret, kan SUM gje nærare vilkår og retningsliner for dette.

## KAPITTEL 5. ADMINISTRATIVE BESTEMMINGAR

### § 19 KONTROLL

SUM kan foreta kontroll og gransking for å sikra riktig oppfyljing, oppfølging og gjennomføring av forskrifta. SUM kan foreta kontroll av avfallet i samband med innsamlinga, hentestader, oppsamlingseiningar, avfallsmottak og gjenvinningsstasjonar med omsyn til misbruk og forsøpling.

Framgangsmåten ved kontroll skal følgje forvaltningslova § 15, med mindre heimel for anna ligg føre.

Ved levering av avfall til avfallsmottak, kan SUM krevje dokumentasjon på at avfallet er hushaldsavfall, og kan foreta kontroll av opplysingar og dokumentasjon i samband med dette.

### § 20 PÅLEGG OG SANKSJONAR

SUM kan gje pålegg til Abonentar/kundar når dette etter SUM si vurdering er naudsynt for å oppfylle føremålet med forskrifta.

SUM kan i samband med dette påleggje Abonentar auka volum på oppsamlingseiningar, dersom SUM vurderer at dette er naudsynt for å sikra av avfallet vert sortert, oppbevart eller disponert på formålstenleg måte. Renovatør kan nekte å tømme oppsamlingseiningar som er overfylte, for tunge, eller på annan måte er nytta i strid med forskrifta og renovasjonsordninga.

SUM kan gje pålegg om ekstra innsamling av avfall som ikkje er sortert i samsvar med renovasjonsordninga. Abonnenten er økonomisk ansvarleg for slik ekstra innhenting.

Ved forureining eller forsøpling på hentestader, gjenvinningsstasjonar, avfallsmottak mv, kan SUM gje pålegg om rydding, eller krevje den som har forsøpla/forureina dekkjer rimelege kostnader ved opprydding.

For å sikre gjennomføring av pålegg, kan SUM treffe vedtak om tvangsmulkt.

Forsettlege eller uaktsamt brot på forskrifta kan straffast med bøter, jf Forureiningslova § 79.

## § 21 KLAGE

Forvaltningslova gjeld for handsaming av saker etter denne forskrifta.

Enkeltvedtak gjort av SUM etter denne forskrifta kan klagast på, jf Forureiningslova § 85.

Enkeltvedtak gjort av SUM kan klagast på til særskild klagenemnd for SUM, jf Forvaltningslova § 28, 2. ledd, 2. punktum. Vedtak i den særskilde klagenemnda er endelege.

Enkeltvedtak gjort av representantskapet i SUM, kan klagast på til departementet.

For enkeltvedtak som SUM gjer etter offentleglova, er Statsforvaltaren klageinstans.

## § 22 IKRAFTSETJING

Denne forskrifta trer i kraft når alle deltakarkommunane i SUM har vedteke forskrifta.

Frå same tidspunkt vert forskrift vedteke i desember 2020 oppheva.